Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5. Fylke: Vest-Agder.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Øvre Sirdal.

Emne: Bygdelag: Heile heradet.

Oppskr. av: E. Valevatn. Gard: Tveiten.

(adresse): Dorgefoss. G.nr. 15 Br.nr. 7.

Svaret gjeld heile heradet.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter eiga röynsle.

SVAR

1. Ja, i min barndom og ungdom for ca. 50 år sidan bar folk flest her vatn til fjös og husbruk med vassåk og to bötter. Vassåket vart kalla med dette namn eller båre oket. ~~Man~~ Ein bruka alltid eit „ok" som kvilde på båe skuldrar med uthola opning for halsen midt på „oket".

For omlag 60-70 år sidan bruka dei fleste vidjer med trekrokar. Seinare jarnlenke med jarnkrokar. Ein slutta med å bera vatn i trebötter for omlag 40-50 år sidan.

2. Ein kjenner ikkje til her at nokon henta vatn i eit „lagget" kar med berestong. Eg har ikkje hau(r)t at dei bruka noko for å hindra skvulping i böttene. Stongbering er ikkje bruka i noko höve.

3. Å setja vasskaret på ski og skuva det fram har dei ikkje bruka her.

4. Det var kona eller dötterne eller tenestgjenta som bruka å bera vatn.

5. I gamal tid vart vassbering bruka av alle på större og mindre gardar og husmannsplasser. Men snart vert det noko som dei yngre

623

berre har haust snakk om.

6. På större gardar bruka dei nok mykje å köyra vatn på slede om vinteren og vogn om summaren.

7. No for tida har godtsom alle lagt inn vass-spring til fjösa og ofte til innhuset også. I staden for trebötter bruker ein no sinkpöser.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM 623
BYGDØY

V. Agd.
Øvre Sirdal

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Bygdøy i april 1948.

Tilleggsspørsmål til emne nr. 5, Vannbæring.

Vennligst svar på dette papir med blyant og send det så fort råd er i den lille konvolutten.

Brukte eller bruker en å la flyte noen gjenstander på vannet eller melken når en bar eller kjørte væskene en lengre vei for å hindre at væsken skvulper over?

Brukte eller bruker en:

1) Treskiver, løse lokk (med eller uten håndtak)?
2) a) Trekors?
   b) Trekors med en liten knott i midten for lettere å kunne løfte det?
3) Noen trestykker?
4) Gress, halm, løvkvister, store blad, gran- eller enekvister?
5) Is eller snø?
6) Kjerald, skål, bøtter, trefat?
7) Korkskiver?
8) Hva kaller en slike ting for (skuljefjæl, flottor, bøk, flæ, flyteskiver)?
9) Fanns det noen forseggjorte gjenstander til det bruket?

--- o O o ---

Som svar på samtlige ovenstående spörsmål nr 1–9 meddeles herved at jeg ikke kjenner til at man har brukt eller bruker noen flytende gjenstander for å hindre at vann eller melk skvulper over under bæring.

Dette gratis. Tveiten, Øvre Sirdal 12/5–48.

Ærb.
G. Valevatn.

Herad
Uppteiknar

1632

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

V. agd. Øvre Lindal

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR: NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Ingen i vår bygd har noko kjennskap til slik vassbering på stong.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Ein kjenner ikkji til at fiskebein og fiskehovud har vori eller vert bruka til brensel.
Heller ikkji kumökk.

E. Valevatn

2045
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING